

Sak 12

- Endring av statuttar for Senterkvinnene sitt æresteikn Såkvinna

Sentralstyret har gått gjennom statuttane for Senterkvinnene sitt æresteikn, Såkvinna, og meiner det er på tide med ei lett revidering av nokre av paragrafane i statuttane. Så vidt me kan forstå, har dei vore uredigerte sidan 1976. Nokre av endringane er språklege, medan andre er meir omfattande.

Det punktet me trur det vil bli mest diskusjon kring, er punktet som fortel kven som kan koma med framlegg til mottakarar av Såkvinna. I dag har fleire organ i både Senterpartiet og Senterungdommen føreslå kandidatar. Det var naturleg den gongen då Senterkvinnene var eit uformelt nettverk i partiet. Sentralstyret meiner dette ikkje er like naturleg no når me er ein eigen medlemsorganisasjon, og føreslår å innskrenka denne forslagsretten for andre delar av Senterrørsla.

Sentralstyret meiner det også er naturleg at det kjem fram av statuttane kva Såkvinna faktisk er. Då æresteiket vart stifta, vart det også bestilt ein biletevev som mottakarane av Såkvinna fekk. Lageret er no tomt for dette verket, og sentralstyret har starta arbeidet med å få laga nye verk til framtidige mottakarar. Også framtidige mottakarar skal få eit tidlaust kunstverk, og det føreslår me at kjem inn i statuttane.

Strykingsforslag vert markert med raudt, medan endra/ny tekst vert markert med grønt.

Forslag 1: slett teksten (sjå i samanheng med forslag 10):

Landsmøtet har vedteke følgjande statuttar:

Forslag 2: tillegg

Endre teksten:

Såkvinna kan tildelast kvinner og menn som:

Til:

Såkvinna kan tildelast kvinner og menn som **anten:**

Forslag 3: tillegg

Endre teksten:

Vedtak om tildeling av SÅKVINNA vert gjort av styret i Senterkvinnene.

Til:

Vedtak om tildeling av SÅKVINNA vert gjort av **sentralstyret** i Senterkvinnene.

Forslag 4: Tillegg

Utdeling av SÅKVINNA skal normalt finne stad på Senterkvinnenes landsmøte.

Forslag 5: Endring – NB! Må sjåast i samanheng med forslag 8

Endre teksten:

Styret for Senterkvinnene sine fylkesorganisasjoner kan sende skriftleg grunngjeve framlegg til kandidatar på SÅKVINNA.

Til:

Fylkesstyra i Senterkvinnene kan sende framlegg til kandidatar til SÅKVINNA.

Forslag 6a: Endring

Endre teksten:

Den same framleggsrett har sentralstyret i partiet, fylkesstyra og ungdomsorganisasjonen.

Til:

Den same framleggsretten har fylkesstyra i Senterpartiet.

Forslag 6b: Språkleg endring – punktet fell om forslag 6a vert vedteke

Endre teksten:

Den same framleggsrett har sentralstyret i partiet, fylkesstyra og ungdomsorganisasjonen.

Til:

Den same framleggsretten har sentralstyret i partiet, fylkesstyra og ungdomsorganisasjonen.

Forslag 7: Endring

Endre teksten:

Framlegg sender ein til Senterkvinnene sitt styre.

Til:

Framlegg sender ein til Senterkvinnene sitt sentralstyre, som òg på eige initiativ kan ta opp forslag til tildeling.

Forslag 8: Tillegg. Punktet fell om forslag 5 fell

Ny siste setning i paragraf 2:

Alle framlegg skal vere skriftleg grunngjeve.

Forslag 9: Endring

Endra paragrafen frå

3.Diplom

Den som vert tildelt SÅKVINNA skal samstundes tildelast ein diplom der grunnlaget for tildeling vert nærare presentert. Diplomen vert underteikna av Senterkvinnene sin leiar og nestleiar.

Til:

3. Æresteiknet

Æresteiknet SÅKVINNA er eit kunstverk. Den som vert tildelt SÅKVINNA skal samstundes tildelast ein diplom der grunnlaget for tildeling vert nærare presentert. Diplomen vert underteikna av Senterkvinnene sin leiar og nestleiar.

Forslag 10: Tillegg (eigentleg flytting av tekst, jf. Forslag 1)

Statuttane er vedtekne på Senterkvinnenes Landsmøte 1976, og reviderte i 2022.

Dersom endringsframlegga vert vedteke, vert vedtektene sjåande slik ut

Eksisterande statuttar	Framlegg til reviderte statuttar
<p>Etter vedtak på Senterkvinne sitt landsmøte 1976 er SÅKVINNA innstifta som Senterkvinnene sitt æresteikn for fortanestefull innsats.</p> <p>Landsmøtet har vedteke følgjande statuttar:</p> <p>1. Utdeling</p> <p>Såkvinna kan tildelast kvinner og menn som:</p> <p>a. som Senterkvinnene sin representant, tillitskvinne eller på annan måte har gjort ein framragande samfunnsinnsats for å styrke kvinnene si politiske stilling i Senterpartiet og/eller i samfunnet elles.</p> <p>b. gjennom mangeårig arbeid i og for Senterkvinnene sin organisasjon har gjort ein framragande innsats for å styrke og feste Senterkvinnene si stilling.</p> <p>Vedtak om tildeling av SÅKVINNA vert gjort av styret i Senterkvinnene.</p> <p>2. Framleggsrett</p> <p>Styret for Senterkvinnene sine fylkesorganisasjoner kan sende skriftleg grunngjeve framlegg til kandidatar på SÅKVINNA. Den same framleggsrett har</p>	<p>Etter vedtak på Senterkvinnene sitt landsmøte 1976 er SÅKVINNA innstifta som Senterkvinnene sitt æresteikn for fortanestefull innsats.</p> <p>1. Utdeling</p> <p>Såkvinna kan tildelast kvinner og menn som anten:</p> <p>a. som Senterkvinnene sin representant, tillitskvinne eller på annan måte har gjort ein framragande samfunnsinnsats for å styrke kvinnene si politiske stilling i Senterpartiet og/eller i samfunnet elles.</p> <p>b. gjennom mangeårig arbeid i og for Senterkvinnene sin organisasjon har gjort ein framragande innsats for å styrke og feste Senterkvinnene si stilling.</p> <p>Vedtak om tildeling av SÅKVINNA vert gjort av sentralstyret i Senterkvinnene. Utdeling av SÅKVINNA skal normalt finne stad på Senterkvinnenes landsmøte.</p> <p>2. Framleggsrett</p> <p>Fylkesstyra i Senterkvinnene kan sende framlegg til kandidatar til SÅKVINNA. Den same framleggsretten har fylkesstyra i Senterpartiet. Framlegg sender ein til</p>

sentralstyret i partiet, fylkesstyra og ungdomsorganisasjonen . Framlegg sender ein til Senterkvinnene sitt styre.

3. Diplom

Den som vert tildelt SÅKVINNA skal samstundes tildelast ein diplom der grunnlaget for tildeling vert nærare presentert. Diplomen vert underteikna av Senterkvinnene sin leiar og nestleiar.

4. Endring av statuttene

Endring av statuttene kan vedtakast av landsmøtet i Senterkvinnene.

Senterkvinnene sitt sentralstyre, som òg på eige initiativ kan ta opp forslag om tildeling. Alle framlegg skal vere skriftleg grunngjeve.

3. Æresteiknet

Æresteiknet SÅKVINNA er eit kunstverk. Den som vert tildelt SÅKVINNA skal samstundes tildelast ein diplom der grunnlaget for tildeling vert nærare presentert. Diplomen vert underteikna av Senterkvinnene sin leiar og nestleiar.

4. Endring av statuttane

Endring av statuttene kan vedtakast av landsmøtet i Senterkvinnene.

Statuttane er vedtekne på Senterkvinnerenes Landsmøte 1976, og reviderte i 2022.